

Kontrollutvalet i Haram kommune

MØTEBOK

Møtedato: 19.11.2018, kl. 14.00 – 16.00

Møtestad: Kommunehuset, Brattvåg

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik.

Elles til stades: Åge Vikestrand og Grete Berbu

Forfall: John Alvestad og Eivind Davik

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte revisor Anne Nygård og Svein Ove Otterlei.

Frå administrasjonen møtte rådmann Turid Hanken og økonomisjef Levi Lervik.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga. Saklista vart utvida med ei sak, sak 21/18 - Revisjonsstrategi 2018 for Haram kommune.

Sak 16/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.09.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 24. september 2018 vert godkjend.

Sak 17/18 - Tertialrapport 2. tertial 2018

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. november 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 18/18 – Rutinar på garantiansvar på byggeprosjekt

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. november 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 19/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. november 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Haram kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande, og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sak 20/18 - Møteplan 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Haram kommune vedtek følgjande møte for kalenderåret 2019:

Måndag 18. februar, kl. 14.00

Måndag 27. mai, kl. 14.00

Måndag 23. september, kl. 14.00

Måndag 18. november, kl. 14.00

Sak 21 – Revisjonsstrategi 2018 for Haram kommune

Sakspapir frå Kommunerevisjon 3 lagde fram i møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering. Kontrollutvalet fremhevar den fokus som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018, og påpeikar at det er viktig at dette blir teke med vidare.

Møtet vart avslutta kl. 16.00.

Sigrid Eidsvik
leiar
(sign)

Grete Berbu
medlem
(sign)

Åge Vikestrand
medlem
(sign)